

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato	11.01.2023
Vår referanse	2022/96767-2
Dykkar referanse	22/2379-1
Sakshandsamar	Audun Erik Gisle Sunde
E-post	Audun.Erik.Gisle.Sunde@vlfk.no
Telefon	57637940

Høyring av prekvalifiseringskriterium og auksjonsmodell for Sørlege Nordsjø II

Vestland fylkeskommune fekk per e-post 4. januar utsett frist til å sende fråsegn, slik at denne kunne handsamast politisk.

Fylkesutvalet har i dag handsama fråsegn i sak PS 3/2023. Fylkesutvalet vedtok fråsegn som følgjer. Til orientering blir det sendt separat brev til kvar høyringsprosess, sjølv om innhaldet i fråsegnene er identisk.

Vestland fylkeskommune vil gje likelydande fråsegn som følgjer til (1) høyring av kvalitative kriterium og støtteordning for Utsira Nord og (2) prekvalifiseringskriterium og auksjonsmodell for Sørlege Nordsjø II:

1. Det er positivt at Sørleg Nordsjø II og Utsira Nord no vert lyste ut, og at det vert lagt opp til eit ambisiøst tidsskjema. Samtidig må det gjerast ein grundig jobb med utgreiingar, kunnskapsinnhenting om miljø- og samfunnsmessige forhold og involvering av ulike interessentar. Parallelle prosesser og sikring av nok ressursar til arbeidet er viktig for å sikre både rask progresjon og høg kvalitet. Arbeidet må byggje på oppdatert kunnskapsgrunnlag, med strenge krav til miljøforvaltning og naturmangfald, for å sikre best mogleg handtering av natur- og miljøomsyn.
2. Berekraft er eit viktig element. Høyringsnotata viser til underpunkta klimafotavtrykk, sameksistens og sambruk, resirkulering og gjenbruk, samt arealeffektivitet. Vestland fylkeskommune har ved tidlegare høve særleg bedt om at det blir lagt stor vekt på dialog og samhandling med/innspele frå havbruks- og fiskeriinteresser, slik at eventuelt konfliktpotensial blir minimert, og vi vil gjenta dette her.
3. Motivasjonen for utbygging av havvind på norsk sokkel er dels realisering av eit stort fornybart energipotensial. I tillegg byggjer entusiasmen i stor grad på moglegheiter for norsk aktivitet og industrireising innan design, bygging, installasjon, service og vedlikehald, etc. Høyringsnotata viser til «Positive lokale ringverknader» med underpunkta kompetanseutvikling, små og mellomstore bedrifter, samt utvikling av leverandørindustrien. Ringverknadsperspektivet må bli tillagt stor vekt, slik at områda som no skal lysast ut, samt komande utlysingar, vil medføre reelle vekstimpulsar for vårt næringsliv langs kysten. Intensjonen bør følgjast opp med jamlege ringverknadsanalysar.
4. Omfattande verdiskaping og utvikling av norsk industri innan havvind føreset bygging av kapasitet og kompetanse. Dette fordrar igjen føreseieleg og god tilgang på areal. Sørleg Nordsjø II og Utsira Nord representerer ein god start, men det er viktig med tydelege signal om kva som kjem framover.

5. I samband med at NVE hausten 2022 etterlyste innspel til identifisering av nye område for fornybar energiproduksjon til havs, bad Vestland fylkeskommune om at området utanfor kysten av Vestland vert tatt inn som nytt område aktuelt for havvindproduksjon. Grunngevinga for at dette ville vere ei god lokalisering var knytt til vindressurs, avgrensa/handterbart konfliktpotensial, og ikkje minst positiv innverknad på kraftbalansen i området. Ut frå dette vil vi nytte høvet til å peike på Trollvindinitiativet, som vi vonar vil la seg realisere. Også det med forventningar til ringverknader og berekraftomsyn som påpeikt over.

6. Utbygging av offshore vind må ikkje føre til auka nettleige på fastlandet.

Med helsing

Audun Erik Gisle Sunde

seniorrådgjevar

NPI - Grøn vekst, klima og energi

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift